

# Handlingsplan 2026 for Stølsvidda som utvalt kulturlandskap(UKL)

## Utlysning av UKL-midlar for Stølsvidda 2026

Det blir to tildelingar av midlar i 2026. Søknadane tek vi imot fortløpande:

- 20. juni.
- 20. september.

Dersom det framleis står att restmidlar, blir det ein siste tildeling i midten av november.

## Mål i forvaltningsplanen for Stølsvidda UKL-område

- Å styrke stølsdrifta: Støtte investeringar som gjer det enklare å drive tradisjonelt og berekraftig.
- Å halde landskapet ope: Støtte til tiltak som hindrar attgroing og sikrar at dei verdifulle beiteareala kan nyttast.
- Å ta vare på bygningsarven og kulturmiljøet: Gje støtte til vedlikehald og restaurering av dei tradisjonelle bygningane på stølane.
- Å styrke det biologiske mangfaldet: Gje tilskot til skjøtsel som tek vare på artsrike enger og beitemarker.
- Å bidra til å sikre god besøksforvaltning på Stølsvidda med omsyn på landbruk, natur og ferdsel.



## Prioritering av tiltak i 2026:

### Aktiv drift på stølen med mjølkeproduksjon eller kjøttproduksjon med geit/storfe/sau.

#### Mjølke:

- ✓ Straumforsyning på stølen
- ✓ Vassforsyning til aktive mjølke stølar
- ✓ Mjølkeanlegg
- ✓ Lager for kraftfôr
- ✓ Støls hus som bidreg til aktiv stølsdrift, og eit levande stølsmiljø.  
Ein prioriterer å gje tilskot til den fyrste stølen per føretak med mjølkeproduksjon, støl nummer to og tre blir ikkje prioritert.

#### Kjøttproduksjon:

- ✓ Restaurering av område som bidreg til aktiv stølsbruk til dømes krattknusing i utmark og gamle stølsvollar som er i ferd med å gro att.
- ✓ Restaurering eller oppsett av nye fysiske gjerder. (mellom innmark, mellom innmark og utmark eller sperregjerde).
- ✓ Tiltak som tek vare på gode beiteområde basert på beitekartlegginga frå NIBIO.
- ✓ Sankekve eller faste innretningar for å samle dyr.
- ✓ Saltsteinsautomatar med oppsamlar slik at salt ikkje blir liggjande laust.

#### **Virtuelle gjerder og elektronisk sporing:**

I søknadsåret 2026 er det sett av maksimalt 300 000 kr til dette formålet.

Virtuelle gjerde for storfe: 200 000 kr, 1 500 kr per eining, maks 20 einingar per buskap

Elektronisk sporing på sau: 100 000 kr, 300 kr per eining, maks 30 einingar per buskap

Dei som søkte tilskot til virtuelle gjerder i fjor og ikkje vart prioritert, har fyrste prioritet om dei ynskjer denne investeringa året 2026.

Dette deles ut etter 1. søknadsomgang. For å være med i vurderinga må søkeren ha ein strategi om å beite verdifulle områder innanfor stølsvidda ut frå vegetasjonskartelegginga eller unngå at beitedyr kjem i områder der det er fare for konflikhtar.

### **Ta vare på bygningsarven og kulturmiljøet:**

Det er mange eldre bygningar på Stølsvidda som Valdresmusea har kartlagt, nokon av desse er i bruk, medan andre har gjort nytta si. Felles for desse bygga er at dei er ein del av bygningsarven og kulturmiljøet.

Det er eit mål å bevare kulturarven, bygningsarven og kulturmiljøet. Ein kan få støtte til restaurering eller oppsett av hus som fremjar bygningsarven og kulturmiljøet. Bygningar som er kartlagt av Valdresmusea vil ha prioritet.

Her er det også andre støtteordningar som SMIL-ordninga samt Kulturminnefondet ein kan søkje. Ta kontakt med det lokale landbrukskontoret for hjelp.

### **Styrke det biologiske mangfaldet:**

UKL ordninga støtter tiltak som tek vare på verdifulle naturtypar, enger eller beitemarker.

Nytt av året er at ein kan få støtte til restaurering av natur. Døme kan være restaurering av gytebekkar eller myrer.

### **Bidra til å sikre god besøksforvaltning**

Stølsvidda er eit attraktivt område for andre enn berre landbruket. I den samanheng er det viktig med god samhandling mellom alle aktørane som ferdast på Stølsvidda. Tiltak som fremjar god besøksforvaltning kan søkje støtte.

## Fellestiltak

Ein oppmodar om å samarbeide om fellestiltak der dette er hensiktsmessig

- Eks. rydding av beite på stølslag.
  - Kurs for fagleg utvikling innan dei tema som omhandlar denne handlingsplan.
- 

Ein kan gje inntil 70 % av godkjente kostnadar av dei ulike tiltaka som er omskrive i denne handlingsplan. Det er landbrukskontora i dei to respektive kommunane som sett tilskottsramma for dei enkelte tiltak ut frå føringar som er lagt av styringsgruppa for Stølsvidda UKL område, og det årlege budsjettet for ordninga.

### Aktivitetsplan 2026:

Det blir ei samling på **Langestølen** månadsskifte Juni/Juli saman med Valdresmuseet kor vi vil informere om UKL ordninga, og dei moglegheitene som er i den.

Link til søknadskjema:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-utvalgte-kulturlandskap-i-jordbruket>

Søknaden treng innlogging med bank-id

Anne Marie Mørstad er rettleiar og eit bindeledd mellom gardbrukarane og sjølve UKL - ordninga. Treng ein hjelp i søknadsprosessen kan ho kontaktast:

E-post: [annemariemorstad58@gmail.com](mailto:annemariemorstad58@gmail.com)

Tlf: 909 44 807

Handlingsplanen vil reviderast kvart år ut frå gjeldande forvaltningsplan.